

# ÅRSMELDING 2014



**F**  **LK** Organisasjon for  
**ORG** folkemusikk og  
folkedans

**FOLK** Organisasjon for  
**ORG** folkemusikk og  
folkedans

Formgjeving: Trym Gulla Dyrnes

Foto fram- og bakside: Anbjørg Myhra Bergwitz & Johannes Selvaag

Fotografer: Eivind Kaasin, Anbjørg Myhra Bergwitz, Runhild Heggem, Ingvil Skeie Ljones,  
Jannica Honey

Postadresse:

FolkOrg

Postboks 4613 Sofienberg

0506 Oslo

Besøksadresse:

Vis-à-vis Herslebs gate 2c

Nett: [www.folkorg.no](http://www.folkorg.no)

E-post: [post@folkorg.no](mailto:post@folkorg.no)

Tlf.: 22 00 56 22



# Innhold

- 4** Om FolkOrg
- 7** Vurdering av måloppnåing
- 12** Organisasjonens arbeidsfelt i meldingsåret
- 14** Lagsutvikling
- 16** Tilskotsordningar
- 18** Arrangørutvikling
- 20** Utøvarutvikling
- 21** Kappleikar og festivalar
- 26** Informasjon



# OM FOLKORG

## Styret og arbeidsutvalet

<b>Styret frem til årsmøtet 2014:</b>
Per Øyvind Tveiten (styreleiar)
Mari Skeie Ljones (nestleiar)
Helene Myklemyr Bolstad (nestleiar)
Ellen Persvold (styremedlem)
Jan Heier (styremedlem)
Hilde Reitan (styremedlem)
Olav Luksengård Mjelva (styremedlem)
Tove Leinslie (1. varamedlem)
Gro Marie Svidal (2. varamedlem)
Gudrun Folkedal (3. varamedlem)

Styret har i meldingsperioden hatt seks møte, og har handsama 69 saker. Eitt av møta var under årsmøtehelga. I tillegg til dei faste medlemmene har fyrste varamedlem vore innkalla fast til alle møte.

I meldingsåret har styret hatt ulike representasjonsoppgåver, til dømes på Landskappleiken, Landsfestivalen, årsmøte i områdelag og på høyringar og andre relevante møte. Enkelte styremedlemmer har også vore representerte i arbeidsgrupper.

Styremedlemmer har elles vore på vitjing til heidersmedlemmer som har fylt rundt år. Styret eller administrasjonen har vore til stades på årsmøta i ti av elleve områdelag.

<b>Styret etter årsmøtet 2014:</b>
Per Øyvind Tveiten (styreleiar)
Mari Skeie Ljones (nestleiar)
Helene Myklemyr Bolstad (nestleiar)
Jan Heier (styremedlem)
Hilde Reitan (styremedlem)
Olav Luksengård Mjelva (styremedlem)
Tove Leinslie (styremedlem)
Gro Marie Svidal (1. varamedlem)
Gudrun Folkedal (2. varamedlem)
Thor Hauknes (3. varamedlem)

Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen har i meldingsåret vore:

Per Øyvind Tveiten, Mari Skeie Ljones og Helene Myklemyr Bolstad, både før og etter årsmøtet i 2014. Dagleg leiar har vore sekretær. AU har i meldingsperioden hatt fire møte, og 27 saker har vore handsama. Dagleg leiar nyttar òg AU til å drøfte ulike spørsmål mellom møta.

Fagutval for yrkesutøvarar har i meldingsåret vore:

Vegar Vårdal, Silje Onstad Hålien og Nina Fjeldet. Dei har hatt to møte.

## Medlemskap/medlemslag

### Medlemstal

FolkOrg hadde 4296 medlemmer pr. 31.12.2014. Av desse var 588 born/ungdom (t.o.m. 18 år). Det er ein liten nedgang totalt sett, og ein liten auke når det gjeld born/ungdom. Sjå meir om utviklinga under måloppnåing.

### Medlemslag

Pr. 31.12.2014 hadde FolkOrg:  
141 lokale medlemslag (inkludert områdelag)  
11 områdelag

### FolkOrg er medstiftar av:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den Norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Etnisk Musikklubb (medstiftar og deleigar)
- Musikkutstysrordningen
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans

### Heidersmedlemskap

Trond-Ole Haug vart utnemnd til heidersmedlem i FolkOrg under Landskappleiken på Geilo. Vi har per i dag 41 heidersmedlemmer i FolkOrg.

### Medlemskap i andre organisasjonar:

FolkOrg er medlem i:

- Norsk musikkråd
- Frivillighet Noreg
- Landskappleiken og Landsfestivalen er medlemmer i Norske festivaler

### Folkelarm er medlem i:

- Norske Konsertarrangører (tidlegare Norsk Rockforbund)

### Årsmøtet 2014

Årsmøtet 2014 vart halde på Quality Hotel & Resort Fagernes 25.–27. april. 47 røysteføre var til stades første dag og 46 andre dag, i tillegg til gjester og administrasjon. På fredag vart det arrangert eit møte med områdelaga. Årsmøtet vart laurdag innleia med tre seminar med følgjande tema:

- «Dei etterlengta dansearenaene» – Korleis etablere gode dansearenaer?
- Områdelaga sin plass og rolle i organisasjonen
- Besøk på utstillinga «Folkemusikk og nasjonalisme» på Valdres Folkemuseum

### Økonomi og rekneskap

*Rekneskapen for 2014 ligg ved årsmeldinga.*



## Administrasjon

Administrasjonen held til i eit kontorlokale i Trondheimsveien 2, bygg J. Kontorlokala ligg i Schous Kulturbryggeri, og organisasjonen har kontorfellesskap med fleire andre sentrale musikkorganisasjonar.

### Tilsette i meldingsåret har vore:

I administrasjonen var det til saman 7,5 årsverk fram til 1. juli, og 7,1 årsverk resten av året. Årsaka til reduksjonen er mindre driftstilskot.

Administrasjonen har i tillegg til det som er nemnt i langtidsplanen, sjølv sagt ei rekke andre oppgåver som tek mykje tid, men som ikkje alltid er like synlege. Døme på det er fakturering, økonomioppfølging, oppdatering av medlemssystem, personaloppfølging, sakshandsaming og møteførebuingar, forsikringar, abonnementsoppfølging, rapporteringar, jamleg oppdatering av nettsider, svar på ulike førespurnader og andre oppgåver som er naudsynte når ein driv ein arbeidsplass.

### Tilsette i meldingsåret har vore:

Linda Dyrnes	Dagleg leiar
Jorun Hagen	Kontormedarbeidar
Bjørn Sletten	Redaktør i bladet Folkemusikk (vikar for Knut Aastad Bråten fram til 1. oktober 2014)
Audun Stokke Hole	Redaktør i bladet Folkemusikk (fast tilsett frå 1. oktober)
Eivind Kaasin	Informasjonsrådgjevar
Anbjørg Myhra Bergwitz	Informasjons- og organisasjonsrådgjevar
Trond Stenseth Moe	Rådgjevar, utøvarutvikling (fram til 1. februar)
Liv Ulvik	Rådgjevar, utøvarutvikling (frå 24. februar)
Marit Vestrum	Rådgjevar, lokallag og arrangør
Rannveig Djønne	Rådgjevar, Landskappleiken, Landsfestivalen og lokalkappleikar (foreldrepermisjon frå 18. august)
Ingrid Schei Stuhaug	Rådgjevar, Landskappleiken, Landsfestivalen og lokalkappleikar (vikar for Rannveig Djønne frå 1. august)
Sigurd Reinton	Prosjektleiar Folkelarm

# Vurdering av måloppnåing

Måla som er sette i langtidsplanen til FolkOrg, er ikkje alle like enkle å måle. Det er målsettingar som er langsiktige, og som ikkje er av ein slik art at vi kan seie at vi no har oppnådd dei. Det kan vere ei utfordring å finne metodar som er objektive, samstundes som dei gjev oss informasjon som er av verdi. Vi har ikkje prioritert å nytte mykje til å gjennomføre større undersøkingar, men har valt nokre metodar som kan gje ein indikasjon. Sidan det er fyrste gong vi nyttar nokre av desse tala, har vi ikkje tal på korleis dei alle har utvikla seg, men det kjem i neste årsmelding. I tillegg til konkrete tal vil nokre mål òg bli vurderte kvalitativt.

## Indikatorar på oppnåing av måla:

Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg står sterkt.

- Det er attraktivt å utøve, formidle og undervise i folkemusikk og -dans.
- Det er attraktivt å arrangere kappleikar, kurs, konsertar og dansefestar.
- Det er attraktivt å delta på arrangement og kappleikar.

## Målemetodar:

Tal på søkjarar til å arrangere Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk:

2013	2014	2015	2016
1	2	1	2
1	1	1	3

Tal på lokal- og fylkeskappleikar:

2014: 18

Deltaking på Landskappleiken og økonomisk resultat:

	2010	2011	2012	2013	2014
Deltakarar	1200	1260	1400	1400	1416
Innslag	429	465	470	438	471
Økonomisk resultat	1 100 000 kr	670 000 kr	670 000 kr	372 000 kr	451 000 kr

Deltaking på Landsfestivalen i gammaldansmusikk og økonomisk resultat:

	2010	2011	2012	2013	2014
Deltakarar	529	640	710	440	432
Innslag	88	124	163	123	94
Økonomisk resultat	590 000kr	510 000 kr	722 000 kr	-??	2700 kr

## Undersøking – Folkemusikk- og folkedansfestivalar 2014

13 festivalar svarte på undersøkinga.

	Gjennomsnitt pr. festival	Median
Inntekt	kr. 2.646.023	kr. 1.388.795
Offentlig støtte	kr. 1.476.846	kr. 860.000
Billettinntekter	kr. 469.786	kr. 267.015
Sponsorinntekt	kr. 276.250	kr. 130.500
Tal på konserter/arrangement	37	36
Tal på engasjerte musikarar	167	73,5
Totalt besøkande	5047	2282
Tal på årsverk (utenom gjennomføringsdager)	1,16	0,6

Tal på studietimar i og økonomisk tilskot til lokallag i FolkOrg gjennom Musikkens studieforbund:

	2010	2011	2012	2013	2014
Studietimar	7190	7000	6871	6229	5638
Tilskot	Kr. 636 399	Kr. 655 459	Kr. 638 939	Kr. 588 020	Kr 538 011

Tal på søknader og tilsegnssum Frifond organisasjon frå Norsk musikkråd til utdeling:

	2010	2011	2012	2013	2014
Tal på søknader	39	20 *)	24 *)	27	34
Tilsegnssum	Kr. 428 870	Kr. 299 204	Kr. 318 971	Kr. 474 310	Kr. 347 610

\*) Norsk Musikkråd stramma i 2011 og 2012 inn kravet til fordelingspraksis, og ingen lag som ikkje hadde riktig aldersfordeling (1/3 under 26 år) fekk støtte. Dette er sannsynligvis orsaka til færre søkjarar.

Tal på søknadar – Norsk Folkemusikkfond:

2010	2011	2012	2013	2014
41	43	23	18	22

Tal på søknadar – Rekrutteringsstøtte:

Høst 2013	Vår 2014	Høst 2014
18	26	9

Tal på søknadar - Momskompensasjon:

2011	2012	2013	2014
11	28	40	45

Søkjarar til Intro-folk:

2012	2014 (2015 gjennomføring)
15	11



Indikatorar på oppnåing av måla:

- Folkemusikken og -dansen i Noreg er kjent og synleg nasjonalt og internasjonalt
- Auka interesse for og kunnskap om folkemusikk og -dans.
- Auka omtale og bruk av folkemusikk og -dans.

Målemetode:

Tal på presseoppslag frå Folkelarm og Folkelarm-prisane, Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk:

	2013	2014
<b>Folkelarm og Folkelarm-prisane (norske presseoppslag)</b>		136
<b>Landskappleiken</b>	135	160
<b>Landsfestivalen i gammaldansmusikk</b>	110	80

Ulike kvalitative vurderingar:

- Noreg er valt som fokusland på den største folke- og verdsmusikkfestivalen i Tyskland – TFF Rudolstadt. Festivalen har kring 80 000 besøkande. Ei rekke norske folkemusikarar og dansarar er booka til festivalen. Det skal òg vere eit fagprogram der det skal vere førelesingar om norsk folkemusikk.
- Det tyske plateselskapet Nordic Notes skal gje ut ein samle-CD med norsk folkemusikk i forkant av TFF Rudolstadt. Plateselskapet har òg gjort avtale med fleire norske folkemusikarar om å gje ut CD-ane deira i Tyskland, Austerrike, Sveits ofl.
- Vi har fått gode tilbakemeldingar på at Folkelarm resulterte i fleire konkrete jobbar for mange av artistane som deltok.
- Omlegginga av informasjonsarbeidet er eit ledd i å kunne jobbe betre med å nå fram med informasjon om folkemusikk og -dans.

Indikatorar på oppnåing av måla:

FolkOrg er ein viktig ressurs på folkemusikk og -dansefeltet.

- Medlemmene sin kompetanse og erfaring blir nytta og synleggjort.
- Det er attraktivt å vere medlem i FolkOrg.
- FolkOrg er ein tydeleg og synleg kulturpolitisk aktør
- FolkOrg er ein attraktiv samarbeidspartnar.

Tal på medlemmer og medlemslag i FolkOrg

	2010	2011	2012	2013	2014
<b>Tal på medlemmer totalt</b>	4613	4008	4574	4362	4296
<b>Born/unge</b>	632	437	572	553	588
<b>Yrkesutøvarar</b>	*	*	108	120	114
<b>Lokallag</b>	148	142	143	143	141
<b>Områdelag</b>	10	11	11	11	11

\*Registreringa av yrkesutøvarar var ikkje byrja

### Kvalitative vurderingar:

- Årets lokallag og årets folkemusikkarrangør vart nytta i seminar på årsmøtet og på Folkelarm.
- Medlemmer vart nytta til foredrag på Folkelarm.
- På alle dei store arrangementa våre, som Landskappleiken, Landsfestivalen, Folkelarm og årsmøta, får medlemmene syne kompetansen sin i folkemusikk og -dans.
- Vi har vore i dialog med fleire medlemmer for å få deira syn på ulike saker.
- Vi har vore aktive i å markere oss overfor politikarar gjennom møte, høyringar – både skriftlege og munnlege – og gjennom annan direkte kontakt. Både familie- og kulturkomiteen og politisk leiing i Kulturdepartementet er godt kjende med FolkOrg.
- Vi er med i ei rekke samarbeidsforum og samarbeidsprosjekt både innanfor og utanfor folkemusikkmiljøet. Døme på det er: arrangørforum, festivalundersøking, samarbeid om politisk påverknad, samrådsmøte for folkedans, folkemusikksenter, Krafttak for sang, TFF Rudolstadt, Samspill og Møst.
- Vi har fleire invitasjonar til samarbeid som vi ikkje har kapasitet til å ta del i.
- Vi kan bli betre på å vere synlege i media.
- Vi har ein svak nedgang i talet på medlemmer, sjølv om målet er oppgang. Det er òg ein nasjonal trend at folk i mindre grad har livslange medlemskapar i organisasjonar. Vi må prioritere arbeidet med organisasjonen slik at det blir meir attraktivt å melde seg inn i FolkOrg.

### Særskilde satsingar for perioden 2014–2015

Rekruttering	Folkedans (gammaldans og bygdedans)	Formidling og informasjon
<p><b>MÅL:</b> Betre tilhøve for opplæring!</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskotsordningane for opplæring og kurs er forenkla, og tilskota til folkemusikkfeltet er auka.</li> <li>• Det er etablert aktuelle kurs og seminar for instruktørar og lokallag, for å auke motivasjon, kompetanse og engasjement for aktiviteten.</li> </ul> <p>Fleire medlemmer!</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Medlemstalet i FolkOrg er auka.</li> </ul>	<p><b>MÅL:</b> Betre tilhøve for folkedans!</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er fleire møteplassar, arrangement og arenaer for folkedans.</li> <li>• Vi har bidrege til ei styrking av grunnopplæringa innanfor folkedans.</li> <li>• Fleire får tilbod om undervisning i folkedans i skule og kulturskule.</li> <li>• Vi har bidrege til etablering av ei treårig kunstnarleg bachelorutdanning i folkedans.</li> </ul>	<p><b>MÅL:</b> Fleire folkemusikarar ut på vegen!</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er arrangert meisterkonsert i Operaen.</li> <li>• FolkOrg har bidrege til å sikre drift og utvikling av regionale folkemusikksenter.</li> <li>• Folkelarm er etablert som eigen organisasjon.</li> <li>• Det er etablert nettverk for folkemusikkarrangørar</li> <li>• Auka kunnskap om og omtale av folkemusikk og dans!</li> <li>• Vi har gjennomført ei omlegging av informasjonsarbeidet i FolkOrg.</li> <li>• Vi har fått finansiering av ein kunnskapsportal om folkemusikk og -dans.</li> </ul>

## Oppnåing av mål for dei særskilde satsingane:

### Rekruttering

- Vi har arbeidd for å auke dei ulike tilskotsordningane til feltet, men då regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett vart lagt fram, vart det satsa mest på å oppretthalde tilskota på same nivå som før. Sjå kapittelet om arbeid med statsbudsjettet for meir informasjon. Vi hadde ein nedgang i Frifond til FolkOrg. Det kjem av fordelinga mellom medlemmer under og over 26 år. Momskompensasjonen er auka.
- Regjeringa er oppteken av å forenkle tilskotsordningane for kulturfeltet. Arbeidet med ei slik forenkling er i gang.
- Vi har ikkje hatt kapasitet til å etablere kurs og seminar for instruktørar og lokallag.
- Medlemstalet i FolkOrg har ein svak nedgang. Vi må finne dei rette tiltaka for å få fleire medlemmer.

### Formidling og informasjon

- Vi har arrangert meisterkonsert i Operaen med stor suksess.
- Vi har snakka folkemusikksentera si sak i møte med politikarane. To senter, Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans og Folkemusikk Nord, har no tilskot frå Staten på om lag 500 000.
- Vi er ikkje i mål med å etablere Folkelarm som eigen organisasjon.
- Vi har etablert eit nettverk for folkemusikkarrangørar.
- Vi har lagt om informasjonsarbeidet i FolkOrg. Sjå meir under kapittelet om informasjon.
- Vi har ikkje lukkast i å få finansiering av ein kunnskapsportal for folkemusikk og folkedans. Det var med som ein del av driftstilskotssøknaden frå FolkOrg i 2015, men vi fekk ikkje auke i tilskotet.

### Folkedans (bygdedans og gammaldans)

- Vi har ikkje tal på møteplassar og arrangement for folkedans. Men sjølv arrangerte vi dansefestar under Folkelarm. I tillegg la vi vekt på dansearenaen under årsmøtet, då kriteriet for å bli årets lokallag var å legge til rette for dans. Dei nominerte fortalde om kva måte dei arbeider med dansen. Etterpå hadde vi gruppearbeid der vi drøfta på kva måte vi skal etablere gode dansearenaer. Vi innførte lagdans som ein fast klasse på Landsfestivalen.
- Vi har arbeidd og arbeider vidare med å få meir folkedans inn i kulturskulane. Saman med Rff har vi fått inn ei frå vårt miljø, Sigurd Johan Heide, i arbeidsgruppa som skal arbeide med fagplanar i dans for kulturskulane. Vi slit framleis med å få meir folkedans inn i kulturskulane.
- Vi har vore med på å utarbeide eit notat om etablering av ei treårig kunstnarleg bachelorutdanning i folkedans. Det notatet har ei rekke institusjonar og organisasjonar skrive under på, og vi tok det med i møte med dei politiske partia på Stortinget. Vi møtte ei positiv haldning til initiativet. Ballen ligg no hos Norsk senter for folkemusikk og folkedans, som skal skrive søknaden om å få oppretta ei slik utdanning.



# Organisasjonens arbeidsfelt i meldingsåret

---

## Kulturpolitisk arbeid Statsbudsjettet

FolkOrg har lagt særleg vekt på å arbeide opp mot familie- og kulturkomiteen på Stortinget, fordi komiteen er ekstra viktig no når vi har ei mindretalsregjering.

Tidleg om våren 2014 hadde vi møte med dei fleste politiske partia på Stortinget kvar for seg, for å kome med våre innspel til statsbudsjettet for 2015. I denne fasen la vi vekt på desse sakene:

- Opplæring:
  - Tilskotsordningar som Frifond, KOMP, studieforbunda
  - Tilbod om folkemusikk og -dans i kulturskulane
- Det frie feltet
  - Framleis sterkt kulturråd
  - Ny tilskotsordning for støtteapparatet i bransjen
- Styrking av folkemusikksentera
- Auka løyving til Ole Bull Akademiet for å sikre hardingfelemakarutdanninga
- Kunstnarleg utdanning i tradisjonsdans
- Flytting av driftstilskotet til FolkOrg
- Tilskot til ein kunnskapsportal om folkemusikk og dans.

Vi hadde også møte med dåverande statssekretær Knut Olav Åmås for å drøfte flytting av driftstilskotet til FolkOrg. Eit generelt innspel til statsbudsjettet vart sendt til politisk leiing i Kulturdepartementet.

Då regjeringa la fram sitt framlegg til statsbudsjett, måtte vi i staden arbeide for å redde dei ordningane som alt finst, og dei som det vart gjort framlegg om å kutte. Vi hadde eit tett samarbeid med Norsk jazzforum og Norske Konsertarrangører i det arbeidet. Men vi var òg på høyring i familie- og kulturkomiteen, og leverte innspel til kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen.

Vi la då vekt på desse sakene:

- Styrking av post 55 i Kulturrådet. Resultat: Posten vart auka med 10 millionar.
- Oppretthalde tilskotet til studieforbunda, der det var gjort framlegg om å kutte 40 millionar. Resultat: Tilskotet var halde på 2014-nivå.
- Musikkutstyrsordninga hadde fått framlegg om å få fem millionar mindre, vi bad om at dei skulle få oppretthalde nivået på tilskot. Resultat: Kuttet vart gjennomført.
- Kulturmidlane i Utanriksdepartementet vart foreslått kutta med 23 %, etter å ha blitt kutta tilsvarande i 2014. Vi bad om at desse midlane måtte opp på 2013-nivå. Resultat: Kuttet vart gjennomført.
- Tilskotet som vart foreslått fjerna frå Rock City, må flyttast til dei regionale kompetansemiljøa. Resultat: Kuttet vart gjennomført, og pengane kom ikkje dei regionale kompetansemiljø til gode.
- Produksjonstilskotet til media må oppretthaldast, og økonomien til NRK må styrkast. Resultat: Produksjonstilskotet vart på 2014-nivå. NRK fekk noko auke i lisensen.
- Tilskot til Den kulturelle spaserstokken. Resultat: Auke i ramma til fylkeskommunane slik at dei er i stand til å oppretthalde tilbodet om Den kulturelle spaserstokken.

Når det gjaldt tilskotet til studieforbunda, var vi også med på ein stor aksjon saman med ei mengd kulturorganisasjonar. Driftstilskotet til FolkOrg vart flytta til post 55 under Kulturrådet.

## Høyringar

- Vi har sendt inn høyringsinnspel på ny rammeplan for kulturskular. Innspelet vart særst godt motteke og teke omsyn til. I etterkant av representantskapsmøtet i Rff har vi vidare kome med framlegg til kandidatar som kan sitte i arbeidsgrupper for å utvikle fagplanar i kulturskulane.
- Vi har levert innspel til evaluering av Førdefestivalen som knutepunktfestival.
- Vi har i samarbeid med Norske Konsertarrangørar og Norsk jazzforum levert høyringsinnspel til evalueringa av Norsk kulturråd.

## Andre fokusområde

- Vi var medarrangør av konferansen/festivalen Tradition for Tomorrow på Island i august. Arrangementet var i samarbeid med Nordisk folkemusikkomité, og hovudemnet var nordisk folkemusikk og -dans som immateriell kulturarv.
- Vi har i samarbeid med Norsk senter for folkemusikk og folkedans byrja å planlegge ein nordisk konferanse om immateriell kulturarv.
- Vi har vore med på å endre vedtektene og arbeidsforma i Nordisk folkemusikkomité slik at vi kan arbeide betre for folkemusikken og -dansen i Norden. Dagleg leiar i FolkOrg er vald som ny styreleiar.
- Vi har nytta sosiale medium som til dømes Twitter for å synleggjere våre syn, og har i budsjettssamanheng lagt ut artiklar på eigne nettsider.
- Vi har arbeidd saman med Norske Trekkspilleres Landsforbund om å få meir folkemusikk og folkedans i NRK. Arbeidet er ikkje avslutta. Dagleg leiar deltok i ein paneldebatt om NRK og folkemusikken under Folkelarm.
- Vi hadde paneldebatt om Folkemusikk og kjønnsfordeling under Folkelarm.





# Lagsutvikling

---

## Kommunikasjon med og rådgjeving til laga

I løpet av meldingsåret er det sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar til lokallaga i form av nyhendebrev, e-post og Facebook. Vi har jamleg gjeve laga råd i samband med blant anna søknadsskriving, korleis etablere juniorspelemannslag, søknad om medlemskap i FolkOrg, og lovar og reglar kring drift av spel- og dansarlag og anna.

## Årets lokallag

Prisen til årets lokallag vart delt ut for tredje gong i 2014 under årsmøtet i FolkOrg på Fagernes 25.–27. april. Kriteriet for prisen var «å skape gode arenaer for dansen i møte med folkemusikken», og dei nominerte laga var Ål spel- og dansarlag, Klæbu torader- og danselag og Jostedal spel- og dansarlag. Vinnaren av prisen og kr 10 000 var Klæbu torader- og danselag.

## Besøke lokallag og områdelag

FolkOrg har i meldingsåret vore på nesten alle årsmøte i områdelaga og på nokre arrangement, og vi har nytta høvet til å prate med representantar frå lokallag og områdelag i dei ulike distrikta. Dette har gitt god innsikt og kunnskap om kvardagen til lokal- og områdelag, og innsamla informasjonen er grunnlaget for arbeidet med neste års arbeidsplan.

## Meir folkemusikk og folkedans i kulturskolane

FolkOrg har i 2014 fortsett arbeidet med å få meir folkemusikk og folkedans inn i kulturskulen. I januar var vi på møte med direktør i Norsk kulturskoleråd Morten Christiansen, saman med Senteret for folkemusikk og folkedans. FolkOrg deltok på seminar om folkemusikk og folkedans i kulturskolen under Rff sin årskonferanse.

I løpet av året har vi fortsett arbeidet med å lage ein bank med gode eksempel på samarbeid mellom kulturskoler og lokallag, men er forseinka på grunn av sjukdom og omlegginga av informasjonsarbeidet. Desse eksempla skal gjerast tilgjengeleg gjennom folkorg.no.

### Hilmar:Ung

FolkOrg var saman med Bygda dansar, Noregs Ungdomslag og Hilmarfestivalen med på utviklinga og planlegginga av ungdomskurs i spel og dans under Hilmarfestivalen 7.–9. november.

### Dansefest under Folkelarm

Under Folkelarm gjekk FolkOrg inn i eit samarbeid med to av spelemannslaga sine om å arrangere dansefest på fredags- og laurdagskvelden. På fredagskvelden hadde Østerdølenes spellmannslag ansvaret, og på laurdagskvelden var Team GløsTøs ansvarleg. Begge leigde også inn andre grupper og lag til å spele til dans.

### Regionalt utviklingsarbeid – områdelaga i FolkOrg

Mange av områdelaga i FolkOrg slit med aktiviteten, og i løpet av 2014 har FolkOrg starta på ein prosess der vi har samla inn informasjon og diskutert framtida til områdelaga.

FolkOrg har forsøkt å styrke områdelaga gjennom rådgjeving til mellom andre Møre og Romsdal folkemusikklag, deltaking på årsmøta, møte for områdelaga og seminar om framtida til områdelaga under årsmøtet.

Vi har elles delteke i og følgt opp Møre og Romsdal fylkeskommune si utgreiing av folkemusikkfeltet på regionalt nivå.

Vi har hatt møte med Folkemusikksenteret i Buskerud for å høyre korleis dei arbeider regionalt og opp mot områda og lokallaga i Buskerud.



# Tilskotsordningar

---

## Frifond organisasjon

FolkOrg fekk i 2014 tilsegn om kr 347 610 til utdeling gjennom Frifond organisasjon frå Norsk musikkråd. Det kom inn 34 søknader frå lokallaga med ein søknadssum på totalt kr 749 500. 29 av søknadene fekk godkjent drift og/eller prosjekt.

Frå 2014 gjaldt Frifond organisasjons nye retningsliner, og i samband med det kom det krav frå Norsk musikkråd om at FolkOrg måtte tilpasse sine retningsliner. FolkOrgs retningsliner vart vedtekne sommaren 2014, og ei viktig endring er kravet om at stønadsfattakaren må sende rapport innan 1. november 2015.

*Lista over mottakarar av tilskot frå Frifond ligg ved denne årsmeldinga.*

## Rekrutteringsstøtte

Rekrutteringsstøtta kan gjevast til særskilde tiltak som fremmar rekruttering i lokallaga i FolkOrg. Søkjarar kan vere lokal- og områdelag som er medlemmer i FolkOrg, eller andre som arbeider aktivt for rekruttering til laga. Rekrutteringsstøtta har hatt to fordelingsrundar i 2014, ein 15. mai og ein 15. november. Stønadsordninga hadde kr 25 000 til fordeling i kvar runde.

I første søknadsrunde kom det inn 26 søknader og i andre runde 9 søknader. I begge fordelingsrundane vart 5 søknader innvilga.

Det er tydeleg behov for ei større støtteordning retta mot rekruttering til laga i FolkOrg. Eit av tiltaka vi har gjort for å auke denne er at vi har inngått ein avtale med straumleverandøren SVORKA om straum til ein gunstig pris for medlemmene våre, og der ein del av inntektene på straumen går til rekrutteringsstøtta. Vi er avhengige av at medlemmene går over til å kjøpe straum av SVORKA for at rekrutteringsstøtta skal auke.

Styret vedtok i 2014 at frå 2015 skal rekrutteringsstøtta i større grad sjåast i samanheng med Norsk folkemusikkfond. Då blir det berre ein søknadsfrist.

*Lista over mottakarar av tilskot frå rekrutteringsstøtta ligg ved denne årsmeldinga.*



## Norsk folkemusikkfond

FolkOrg administrerer Norsk folkemusikkfond, som er organisert med eit eige styre. I 2014 var Nils-Øyvind Bergset (leiar), Hilde Reitan, Leiv Solberg, Nina Rudi og Solbjørg Tveiten med i styret.

Fondet er finansiert av kr 15 per vaksen medlem i FolkOrg og kr 10 000 frå NRK. Norsk folkemusikkfond fekk i 2014 inn 22 søknader på til saman kr 333 000. I 2014 hadde fondet dessverre berre kr 68 000 til fordeling.

Styret i Norsk folkemusikkfond hadde på førehand prioritert to satsingsområde i 2014:

1. Arbeidet med folkemusikkinstrumenta våre og gransking av byggeteknikken for desse instrumenta. Fondet skal prioritere arbeidet med å finne fram til gamle folkemusikkinstrument som er lite kjende eller har gått ut av bruk, og arbeide for at dei blir haldne i hevd.
2. Opplæring av born og unge i tradisjonsmusikk og -dans, og utvikling/utgjeving av pedagogisk materiale innanfor folkemusikk og folkedans.

Sju søkjarar fekk tilskot frå fondet.

*Sjå liste over tildelingar i vedlegget til årsmeldinga.*

## Momskompensasjon

Spel- og dansarlag og områdelag kan søkje momskompensasjon igjennom FolkOrg, og i 2014 fekk FolkOrg inn 45 søknader (utanom sentralleddet). Utført avkorting av det godkjende søknadsbeløpet var i år 17 % for alle ledd som inngår i søknaden. Dette betyr ei auking i utbetaling til det frivillige feltet samanlikna med 2013, då avkortinga var på 30 %. FolkOrg sentralt fekk ein momskompensasjon på kr 468 046, Valdres folkemusikkarrangement AS på kr 157 350, områdelaga (8 lag) på kr 122 266 og lokallaga (36 lag) på kr 236 311. Til saman kr 983 972.

## Vaksenopplæringsmidlar

Gjennomgangen av studieplanar viste at det ikkje er naudsynt med store endringar av dagens studieplanar, men vi hjelpte Musikkens studieforbund med å lage studieplanar for instrumentalopplæring i fele og hardingfele.



# Arrangørutvikling

---

## Informasjon og rådgjeving

Gjennom nettstaden folkemusikk.no, nyhendebrev til arrangørane og facebook-side har FolkOrg i meldingsåret kommunisert aktuell og relevant informasjon til folkemusikkarrangørane. I år har vi i aukande grad fått førespurnader om rådgjeving. Hovudsakleg har vi gjeve tips om søknadsordningar, men det har også kome nokre arrangørtekniske spørsmål.

## Nettverket for folkemusikkarrangørar

I samarbeid med arbeidsgruppa for folkemusikkarrangørar har FolkOrg ferdigstilt retningslinjer for nettverket for folkemusikkarrangørar, som styret har godkjent. Retningslinjene vart presenterte og drøfta under møtet for folkemusikkarrangørar under Folkelarm. I etterkant har FolkOrg starta innmelding i nettverket, som også kjem til å halde fram i 2015.

## Årets folkemusikkarrangør

FolkOrgs pris «Årets folkemusikkarrangør» vart i år delt ut for tredje gong. I år var kriteria for kåring av årets folkemusikkarrangør:

- *Programmering / kunstnarleg profil*
- *Publikumsoppslutning*
- *Evne til å skape blest, interesse og entusiasme for arrangementa og musikken*

I 2014 var dei nominerte arrangørane Folkemusikkveka på Ål, Førdefestivalen og Kalottspel. Kalottspel gjekk av med sigeren og fekk utdelt ein pris på kr 10 000 under Folkelarm 27. september.

## Kurs og møteplassar

Under Folkelarm arrangerte FolkOrg eit møte for folkemusikkarrangørar. I tillegg til å drøfte retningslinjene for nettverk for folkemusikkarrangørar var det presentasjonar av Norske Konsertarrangørar, Musikkutstysordninga, Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans, Folkemusikk Nord og knutepunktfestivalen Førde Internasjonale Folkemusikkfestival.

## Under Folkelarm arrangerte vi desse seminara og kursa særskilt for arrangørane:

- Kræsjkurs i arrangering
- De gode historiene – arrangørane forteller
- Teknologi og forenkling

I tillegg var det andre seminar og kurs som var relevante for arrangørane.

Vi arrangerte også «FolkOrgs minglefest» for arrangørar og utøvarar i FolkOrg. Det vart ei uformell og triveleg stund der arrangørar og utøvarar fekk møtt kvarandre.

## Besøk på festivalar, hos arrangørar og regionale bransjetreff.

FolkOrg har i år vore representert i Kalottspel, der vi nytta høve til å møte folkemusikkarrangørar i Nord-Noreg og representantar frå RYK. Styreleiaren var på Førdefestivalen. FolkOrg har som mål å få med seg nokre norske folkemusikk- og folkedansfestivalar og -arrangement kvart år, men vi har dessverre ikkje hatt kapasitet til å prioritere dette i den grad vi i utgangspunktet ønskjer. Det same gjeld deltaking på regionalt bransjetreff.

## Festivalundersøking

I løpet av 2014 har FolkOrg saman med Norske Konsertarrangørar, Norsk jazzforum og Norske festivaler utvikla ei felles undersøking. Det er første gong vi får svar frå eit meir samla Festival-Noreg, og første gong det blir gjort ei undersøking av festivalfeltet innanfor folkemusikk og folkedans. Søknaden vart send ut i september, og i løpet av førjulsvinteren har ein fått inn 13 svar frå folkemusikk- og folkedansfestivalar. Dei felles tala blir analyserte av Kunnskapsverket – Nasjonalt kunnskapsenter for kulturelle næringer ved Høgskolen i Lillehammer.

## Arrangørforum

I løpet av hausten 2014 har FolkOrg, Norsk jazzforum, Norske Konsertarrangørar, Norske festivaler, Norsk Viseforum, Norsk Bluesunion og Kulturhusnettverket etablert eit forum der vi diskuterer arrangørsaker, informerer kvarandre om nyhende og samarbeider om politiske saker. I 2014 hadde forumet to møte. Kulturrådet var sterkt representert på eit av dei og ønskjer å vere til stades også framover.



# Utøvarutvikling

---

Det har vore lagt vekt på å gje kontinuerleg informasjon om relevante kurs og søknadsfristar for feltet, og på oppfølging av viktige kulturpolitiske saker.

## Gruppa for yrkesutøvarar

Registeret for medlemmer i FolkOrg som reknar seg som yrkesutøvarar, tel 114 personar pr. 31.12.2014. Det er frivillig å melde seg inn i registeret, og med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans. Pedagogar innanfor feltet og instrumentmakarar blir rekna som yrkesutøvarar i FolkOrg, i tillegg til dei som lever av musikk- og danseutøving.

## Tradition for Tomorrow

FolkOrg var norsk partner i Nordisk Folkemusikkkomité sin festival og konferanse Tradition for Tomorrow på Island i august. 14 norske folkemusikarar og -dansarar heldt konsertar, førestillingar, kurs og foredrag.

## Slåttify

Nettsida [www.slaattify.no](http://www.slaattify.no) vart opna, med folkemusikk-spelelister som skal gjere det lettare å finne fram i det nye digitale musikklandskapet både for gammalt og nytt publikum.

## INTROfolk

Det vart lyst ut ein ny runde av INTROfolk, med god søkjaroppslutning. Arrangementet skal gå av stabelen i 2015, for fyrste gong utan Rikskonsertane som medarrangør.

## folkCD.no

FolkOrg starta arbeidet med ein dobbel promo-cd med norske folkemusikkutøvarar retta mot den utanlandske marknaden, i samarbeid med Utanriksdepartementet og Music Norway. CD-en skal vere ferdig i 2015.

## TFF Rudolstadt

TFF Rudolstadt er Tysklands største folkemusikk- og verdsmusikkfestival med 70 000-90 000 vitjarar kvart år. I 2015 er norsk folkemusikk og -dans vald som hovudemne på festivalen, med FolkOrg og Music Norway som samarbeidspartnarar. Vi reiste med tre utøvarar til festivalen i 2014, og knytte viktige kontaktar med tanke på vidare arbeid for å promotere norske utøvarar i Tyskland. Fleire av desse kontaktane vart inviterte som delegatar til Folkelarm.

## Seminar på Folkelarm 2014

Folkelarm 2014 inneheldt ei rekke seminar retta mot folkemusikkutøvarar. Tyskland var fokusland, og vi inviterte mange viktige tyske delegatar. Fleire av desse inngjekk avtalar med Folkelarm-artistar i etterkant.

Seminartitlar:

- Strategisk tenkning i kunst og kultur
- Utøverforum – møt kompetansesentrene
- Det svenske markedet ved Malin KairisMTA Production AB
- Musikkforleggerne presenterer «First we take Berlin, then we take ...»
- Presentasjon av det tyske markedet
- Presentasjon av tyske delegatar på Folkelarm
- Møt managerne
- Rikskonsertene om skoleturnéordningen
- Folkemusikk i NRK
- Frilansfrukost: Hvordan sette sammen en god pressepakke med Olaf Furniss
- Frilansfrukost: Viktigheten av gode artistfotografi med Jannica Honney
- Frilansfrukost: Musikkvideoproduksjon med Andre Chocron

## Kontakt via sosiale medium

FolkOrg driv forumet Yrkesutøvarar i FolkOrg for diskusjon og informasjon på Facebook.

## Fagutvalet for yrkesutøvarar

Det vart halde to møte i fagutvalet, der utøvarrepresentantane kom med innspel til FolkOrg om prioriteringar i arbeidet overfor utøvarane.



# Kappleikar og festivalar

---

## Landskappleiken

Landskappleiken vart i 2014 arrangert på Geilo, med Geilo spelemannslag som lokal arrangør. Arrangementet gjekk av stabelen 25. juni til 29. juni.

### Deltaking

Det var til saman 471 startnummer og 1416 einskiddeltakarar på Geilo. Dette var ein liten auke i einskiddeltakarar samanlikna med Røros og Otta åra før. Det var ein større auke i startnummer samanlikna med Røros 2013, men tilsvarande tal som på Otta i 2012. Påmeldinga til Landskappleiken har halde seg stabil dei siste åra.

### Vinnarar

Kongepokalen vart i 2014 sett opp i klassen for eldre folkemusikkinstrument. Vinnaren vart langeleikspelaren Ole Aastad Bråten frå Vårflaumen spel- og dansarlag.

*Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.*



## Fureprisen

Elisabeth og Knut Fures stiftelse til fremjing av klassisk musikk og norsk tradisjonsmusikk har i fem år delt ut prisar til unge folkemusikarar i Noreg. FolkOrg og Landskappleiken fekk i oppdrag å forvalte og å dele ut desse prisane. 2014 var det siste året Fureprisen og Furestipenda vart delte ut, men FolkOrg vil søkje stiftinga om å få halde fram med denne prisordninga i åra framover.

Hovudprisen frå Furestiftelsen var 50 000 kroner, og desse pengane skulle gå til den beste utøvaren i spel/vokal-klassane under 25 år. Kandidatane til prisen vart plukka ut under kappleikstevlingane, og vinnaren vart kåra under ein finale som var lagd til finalekvelden på laurdagen.

Samstundes kunne vinnarane av C-klassane i spel og vokal vinne kr 10 000. FolkOrg sette opp same pris for vinnarar i C-klassane i dans.

## Kriteria for hovudprisen var:

Denne prisen skal gjevast til ein eksepsjonelt dyktig og talentfull deltakar (musikar) under 25 år. Det er krav om eit visst kvalitetsnivå for at prisane kan delast ut, og det kan vere slik at domsnemnda ikkje finn å kunne dele ut prisen kvart år. Prisvinnaren skal vere vanleg deltakar på Landskappleiken.

Den då 17 år gamle kvedaren Mari Midtli vann Fureprisen for 2014.

*Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.*

## Kort evaluering av Landskappleiken

Arrangørane på Geilo gjennomførte igjen ein flott landskappleik, der om lag 400 dugnadsfolk la ned fleire tusen dugnadstimar for å få til dette store og komplekse arrangementet. Dei hadde løyst den vanskelege logistikken kring tevlingane godt med presise tevlingstider, og viste seg elles på alle område som ein god arrangør med gode mattilbod og populære konsertar. Den lokale arrangøren hausta mykje god tilbakemelding i etterkant av kappleiken.

Det økonomiske overskotet var også bra for Landskappleiken, med eit overskot på 450 000 kr.

Det var kring 160 presseoppslag om Landskappleiken på Geilo, noko som er ein auke frå Røros 2013, då det var 135 presseoppslag. I tillegg var det innslag på Reiseradioen på P1, samt direktesendingar på Hallingdølen si nettside. FolkOrg har dei siste åra jobba mykje med pressearbeidet i forkant og under Landskappleiken og Landsfestivalen, noko som har gjeve positive utslag og auka merksemd kring begge arrangementa.

Kappleiksappen vart lasta ned 780 gonger i 2014, mot 964 gonger i 2013.

## Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart arrangert i Steinkjer 16.–20. juli med Stiftinga Hilmar Alexandersen som lokal arrangør.

Det var fyrste gong at Landsfestivalen vart arrangert i Nord-Trøndelag.

### Deltaking

Det var 94 startnummer og 432 einskild-deltakarar på Landsfestivalen i gammaldans i 2014. Dette er færre deltakarar og startnummer enn det var i Løten i 2013, og ein markant nedgang frå Vågå i 2012. Det var nedgang i alle tevlingsklassane bortsett frå lagspel, der det var ein liten auke. Størst var nedgangen i pardans senior med 21 påmelde par, mot 33 par året før. Nytt av året var klassane lagdans og open klasse. Open klasse har tidlegare år vore klasse på Landsfestivalen, medan lagdans var ein ny klasse i samband med Landsfestivalen. Open klasse vart innført att etter tilbakemeldingar i spørjeundersøkinga som vart gjennomført hausten 2013. Då hadde ikkje denne klassen vore på Landsfestivalen sidan 2011.

*Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.*

### Kort evaluering av Landsfestivalen

Sjølv om deltakinga vart mindre enn vi hadde håpa på, var det eit yrande folkeliv i Steinkjer under festivalen. Campus Steinkjer viste seg å vere eit særns velegna hus til arrangement av denne storleiken, med salar av ulik storleik, der tevlingane, konsertane og dansen var samla under eitt tak gjennom heile festivalveka.

Stiftinga Hilmar Alexandersen hadde lagt til rette for at publikum fekk høve til å danse under kvalifiseringa til lagspel og gruppespel. Dette vart godt motteke av publikum, og laga ei ekstra god stemning under desse klassane. Under festivalen var det tre ulike konsertar, der konserten «Min Hilmar» handla om Hilmar Alexandersen. Elias Akselsen hadde eigen konsert, og bestillingsverket «Jubel» av Gjermund Larsen vart framført av P.A. Røstads orkester. Det var også høve til å reise på ulike planlagde utflukter i Steinkjer i løpet av festivalen.

Det var kring 80 presseoppslag om Landsfestivalen, noko som er ein nedgang frå 2013, men likevel særns bra.

Landsfestival-appen vart lasta ned 146 gonger i 2014.

Stiftinga Hilmar Alexandersen hadde eit overskot på 2 699 kr.





### Revidering av tevlingsreglementet

Tevlingsreglementet vart revidert i 2014.

Revideringane gjeld Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Desse endringane er gjorde:

- Det skal vere fire dommarar i gruppespel og lagspel på Landsfestivalen, der den eine dommaren skal ha særskild kompetanse om kopping.
- Det skal vere dansekompetanse i dommarpanelet i alle seniorklassane på Landsfestivalen.
- Ein kan stille med same instrument to gonger i gruppespel på Landsfestivalen (prøveordning i 2013 og 2014).
- Lagdans blir vidareført som klasse på Landsfestivalen.

### Meisterkonserten i Operaen

Den 23. november vart det for fyrste gong arrangert meisterkonsert i Operaen. Under konserten stod rundt 110 folkemusikarar og folkedansarar i ulik alder på scena. Desse utgjorde eit utval klassevinnarar frå Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Dei 1400 publikummarane vart leia gjennom konserten av programleiarane Camilla Granlien og Aasmund Nordstoga, og konserten vart særst godt motteke av både utøvarar og publikummarar. Ekstra kjekt var det at Hennar Majestet Dronninga var blant publikum under konserten.

Styret i FolkOrg har bestemt at det blir ny meisterkonsert i Operaen i 2016.

### Generelt om Landskappleiken og Landsfestivalen

Det nettbaserte kappleiksprogrammet fungerer bra og har eit stabilt brukartal. Utanom Landskappleiken og Landsfestivalen vart programmet til dømes i 2011 nytta av sju, i 2012 av åtte, i 2013 av femten og i 2014 av ni lokalkappleikar. Etter å ha fått tilgang og ei lita opplæring er kappleikane stort sett sjølvgåande brukarar av programmet.





## Folkelarm – Riksscenen, Oslo | 25.–27. september

### Arrangementet

Folkelarm er Nordens største bransjetreff for folkemusikk og folkedans. Arrangementet er bygd kring showcasekonsertar på kveldane og seminar på dagtid, og samlar eit breitt lag av norsk og nordisk bransje, spesielt inviterte internasjonale musikkbransjeaktørar, og er dessutan ope for publikum. Folkelarm omfattar no:

- 30 ordinære showcase-konsertar
- to danseframvisningar
- 19 seminar, fire på engelsk
- Workshop med Music Norway
- utdeling av Folkelarmprisen 2014
- dansespel fredag kveld med Østerdølenes spellmannslag og laurdag kveld med Team Gløstøs
- 247 delegatar totalt
- 24 internasjonale delegatar
- 209 publikummarar

*Liste over Folkelarm-artistar og seminarprogram er lagd ved denne årsmeldinga.*

### Folkelarmprisen

For tiande gong vart Folkelarm-prisen (Norwegian Folk Music Award) delt ut. Prisen vart delt ut i kategoriane dokumentasjon, solo, tradisjonelt samspel og open klasse i tillegg til prisen for årets folkemusikar.

*Liste over vinnarar er lagd ved denne årsmeldinga.*

### Om Folkelarm 2014

Heile Folkelarm 2014 vart gjennomført på Riksscenen, og i tilstøytande lokale. Gjennomføringa av showcaseprogram, seminar, prisutdeling, delegatprogram og arrangementet generelt var vellukka.

Tilbakemeldingane på programmet har vore positive frå både publikum og delegatar. Det internasjonale programmet vart i år til i eit tett samarbeid med Music Norway og med god støtte frå Utanriksdepartementet. Vi hadde eit særskilt søkjelys på Tyskland, då Noreg skal vere fokusland

på den største folkemusikkfestivalen i Tyskland, TFF Rudolstadt, i 2015. Det internasjonale programmet og Folkelarm i det heile fekk svært gode tilbakemeldingar i evalueringa frå dei internasjonale delegatane.

Fleire av showcaseartistane fekk konkrete førespurnader om bookingar under Folkelarm og i tida etter. Som arena for sal av konsertar fungerte Folkelarm 2014 svært bra.

Samspill International Music Network, som jobbar med tradisjonsmusikarar frå land utanfor Europa, fekk i eit pilotprosjekt presentere tre artistar, i tillegg til at dei samarbeidde med MØST om tre seminar. Folkelarm nådde på den måten også ut til tradisjonsmusikarar med opphav i ikkje-vestlege kulturar.

Trass i eit tilfredsstillande besøk på konsertar og seminar var billettinntektene under forventningane. Lanseringstidspunktet for artistane og seminarprogrammet blir trekt fram som ei mogleg årsak til det.

Folkelarm fekk god pressdekning i aviser og radio, spesielt i lokale medium rundt omkring i Noreg. Pressedekninga rundt Folkelarm-prisen var god.

# Informasjon

## Generelt om informasjonsarbeidet

Dei tilsette som arbeider med informasjon, arbeider med utviklinga av organisasjonsarbeidet og nettsidene våre, og er samstundes sentrale i informasjonsarbeidet i organisasjonens egne arrangement, prosjekt og saker.

Sentralt i meldingsåret har vore omlegging av informasjonsarbeidet i FolkOrg, informasjons- og pressearbeid knytt til Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm, og dessutan bladet Folkemusikk. I alle prosjekta har dei tilsette som arbeider med informasjon, stått for oppdatering og utvikling av heimesider, fotografering, videoproduksjon, oppdatering av app, grafisk formgjeving, utvikling og utsending av nyhendebrev, og anna presse- og informasjonsarbeid. Dei har også vore delaktige i utforming av høyringar og innspel i interessepolitiske saker.

## Omlegging av informasjonsfeltet

Styret vedtok i desember 2013 ei omlegging av informasjonsarbeidet i organisasjonen.

Folkemusikk og folkemusikk.no har no felles redaktør, og folkemusikk.no deler føresegner med bladet Folkemusikk, og har blitt ei uavhengig nettavis. Med dette fekk FolkOrg sine egne nettsider, [www.folkorg.no](http://www.folkorg.no), som inneheld informasjon frå organisasjonen. Begge sidene og bladet Folkemusikk har fått ny bladbunad. Nye folkemusikk.no vart lansert september, og folkorg.no vart lansert i desember. Den første utgåva av Folkemusikk i ny bladbunad kom i oktober. Folkemusikk skal no kome i fire utgåver i året, med om lag 100 sider i kvart nummer. Arbeidet med omlegginga tok mykje tid, og det har difor ikkje vore kapasitet til å publisere så mykje som vi ønskte i 2014.

## Folkemusikk.no

Folkemusikk.no var fram til omlegginga i september ein felles nettportal for folkemusikkfeltet i Noreg og heimesidene til FolkOrg. Portalen fungerte som ein digital samlingsstad for informasjon om folkemusikk og -dans i Noreg.

Portalen omtalte nytt på folkemusikkfeltet, aktuelle hendingar og utgjevingar o.l. I tillegg blir det publisert praktisk informasjon generelt og frå FolkOrg spesielt. I tillegg til egne saker har folkemusikk.no peikarar til eit utval folkemusikk- og folkedansoppslag andre stader.

## Frekvens og lesartal

Tal på besøkande i 2012: 175 977

Tal på besøkande i 2013: 164 846

Tal på besøkande i 2014: 107 114 \*

Tal på unike besøkande i 2012: 54 553

Tal på unike besøkande i 2013: 58 426

Tal på unike besøkande i 2014: 49 408\*

*\*Tala for 2014 er berre fram til 1. oktober, då vi la om til nye nettsider. Det skjedde ein feil i statistikken etter det.*

Folkemusikk.no har i løpet av meldingsåret vore aktiv på sosiale medium. I desember 2014 var nærare 4761 medlemmer på folkemusikk.no si side på nettsamfunnet Facebook. Det er ein auke på om lag 1360 frå i fjor. Vi har også vore aktive på Twitter, og ved årsskiftet hadde vi 694 følgjarar.

## Folkorg.no

Folkorg.no vart først lansert heilt på tampen av året, og skal bli FolkOrg si heimeside, der det skal ligge ulik informasjon som er relevant for medlemmer og potensielle medlemmer. Frå 2015 vil vi kome med besøkstal på sida.

Vi etablerte FolkOrg-brukarar på sosiale medium og har no sider på Facebook (945 medlemmer), Twitter (169 følgjarar) og på Instagram (231 følgjarar)

## Informasjonsportal for folkemusikk og -dans

I 2013 vart det utarbeidd ei idéskisse om å etablere ein opplysningsnettstad som eit opplysningskontor for folkemusikk og -dans. Dette blir ei form for leksikonside med grunninformasjon om folkemusikk og -dans, med oppslag om uttrykk, tradisjonar, utøvarar, lag, instrument, pedagogisk opplegg osv. Vi arbeider med å få finansiert eit slikt prosjekt, men har ikkje lukkast med det enno.

## Folkemusikk (bladet)

Det er FolkOrg – Organisasjon for folkemusikk og folkedans – som eig og gjev ut bladet. Bladet er frittstående og arbeider etter Ver Varsam-plakaten og Redaktørplakaten.

### Redaksjonell profil

Folkemusikk er i dag det einaste nasjonale fagbladet i Noreg for folkemusikk og folkedans og er ein viktig premissgjevar for formidlinga av folkemusikk og folkedans – innanfor folkemusikkmiljøet og overfor andre miljø.

Bladet blir lese av musikk- og kulturinteresserte over heile landet, og har ein sterk posisjon i dei kulturpolitiske og musikkfaglege miljøa i landet, ikkje minst i institusjonane som gjev musikkutdanning.

### Ny bladbunad

Bladet fekk ny redaktør frå november 2013. Bjørn Kjellsson Sletten tok over etter Knut Aastad Bråten, som hadde vore redaktør sidan mars 2007. Med redaktørskiftet skjedde også ein del redaksjonelle endringar, sjølv om dei store linene vart vidareførte, mellom anna med vekt på gode litterære tekstar, særleg i portretta, reportasjane og kronikkane. I 2014 vart det gjort vedtak om å endre utgjevarfrekvensen frå fem til fire gonger i året. Dette vart gjort i samband med ei omlegging av bladbunaden og opprettinga av nettavisa folkemusikk.no. Den nye bladbunaden vart utforma av designbyrået Dekode i Oslo, og designar Morten Stoltz Vernegg i samarbeid med redaktør Bjørn Sletten og kommunikasjonsavdelinga i FolkOrg, ved Eivind Kaasin.

Frå eit blad med eit gjennomsnittleg sidetal på 56 sider kom det nye Folkemusikk i oktober 2014, med 100 sider. Formatet vart også endra. Samstundes med lanseringa av det nye bladet lanserte ein nettstaden folkemusikk.no, som er nettavisa til Folkemusikk. Redaksjonen og redaktøren fekk på den måten tydelegare markert at ein er ein uavhengig redaksjon.

Det redaksjonelle språket er nynorsk. Tekstane blir kvalitetssikra av Aud Søyland, medredaktør for Nynorsk ordliste.

## Redaktør

Bjørn Kjellsson Sletten var tilsett som ansvarleg redaktør fram til 1. oktober, og hadde kontor i Midt-Gudbrandsdal næringshage på Vinstra. Sletten sa opp si stilling frå 1. oktober. Ny redaktør er Audun Stokke Hole. Han tok til i arbeidet 1. oktober.

## Abonnentar

Bladet Folkemusikk er eit abonnementsblad. Per 31. desember 2014 hadde bladet Folkemusikk 1534 abonnentar. Av abonnentane var 299 gratisabonnentar, og 817 medlemmer av FolkOrg. Det er ein nedgang på 130 abonnentar.

## Økonomi

Folkemusikk blir gjeve ut med økonomisk stønad frå eigaren, og frå andre offentlege stønadsordningar. I tillegg kjem det inntekter av sal av abonnement og annonsar.

## Annonсар

Frå og med 2010 er det redaktøren sjølv som sel annonsar. Frå hausten 2014 tok informasjonsrådgjevaren i FolkOrg over det arbeidet. Bladet Folkemusikk har sidan 2009 hatt denne økonomiske utviklinga når det gjeld sal av annonsar:

2009: 133 000 kr  
2010: 220 000 kr  
2011: 238 000 kr  
2012: 253 000 kr  
2013: 256 000 kr  
2014: 224 253 kr

## Blest

Redaktøren har i meldingsåret mellom anna vore intervjuet i Vårt Land og Nationen. Den «nye» utgåva av Folkemusikk vart i november meldt i Klassekampens litteraturmagasin, og fekk svært god omtale.

## Vedlegg – Liste over diverse tildelingar, vinnarar o.a.

### Landskappleiken 2014

#### Vinnarar

##### Spel hardingfele

A: Gro Marie Svidal/ Indre Sunnfjord Spelemannslag  
B: Kjellbjørn Karsrud/ Vårflaumen/Team Gløstøs  
C: Cecilie Skrindo/ Ål spel- og dansarlag  
D: Loretta Kelley/ Hard. Fiddle Asso. Of Am./FolkOrg

##### Spel fele:

A: Aslak O. Brimi/ Lom Spel- og dansarlag  
B: Ole Erik Feragen/ Brekken Spell og Danselag  
C: Mari Midtli/ PSira/ Sel og Otta Spel- og Dansarlag  
D: Ivar Schjølberg/ Vågå Spel- og Dansarlag

##### Dans hardingfele:

A: Håkon Dregelid, Ami Dregelid/ Voss Spelemannslag  
B: Unni Boksasp, Sigbjørn Rua/ Tinn Spelemannslag/Småjondølenes dansarlag  
C: Vetle Risdal Liahagen, Helga Springgard/ Ål spel- og dansarlag  
D: Rønnaug Larsen, Olav Sem/ Fjellrosa spel- og dansarlag

##### Dans fele:

A: Solveig B. Hauknes, Ole Nilssen/ Hedmark Folkemusikklag  
B: Rune Hanem, Silje Osnes/ Kattsmygarlaget/FolkOrg  
C: Iver Kolstad, Marie Skogås/ Røros Folkedanslag  
D: Sissel Hatten, John Peder Hatten/ Trysil-Knut Dans- og Spelmannslag

##### Vokal:

A: Odd Nordstoga/ FolkOrg  
B: Ingebjørg Longvik Reinholdt / Seljord Folkemusikklag  
C: Mari Midtli / Spira/ Sel og Otta Spel- og Dansarlag  
D: Halvor Nordjordet / FolkOrg

##### Open klasse:

Kristin Gravaune og Andreas Bjørkås

##### Halling:

A: Ådne R. Geicke Kolbjørnshus / Vestre Slidre Folkemusikk og Danselag  
B: Simon Hesselberg Løvald/ Norsk Folkemuseums Dansegruppe/FolkOrg  
C: Jon Bugge Mariussen / Nesodden Danselag/ FolkOrg  
D: Thor Herman Bøhle / Bygdedanslaget i Hamar

##### Fløyte:

Senior: Silje Hegg/ FolkOrg

##### Munnharpe:

Junior: Martin Berger, Vårflaumen Spel- og dansarlag  
Senior: Tom Willy Rustad/ Spira studentspellemannslag/ Grenselaust

##### Langeleik:

Junior: Ingebjørg Hegge Bratrud/ Vårflaumen Spel- og dansarlag  
Senior: Ole Aastad Bråten / Vårflaumen Spel- og dansarlag

##### Durspel:

Junior: Ingrid Standal Sørheim/ Kvemmingen Spel- og dansarlag  
Senior: Øyvind Sandum/ Oppdal spel- og dansarlag

##### Andre eldre folkemusikkinstrument:

Junior: Sindre Dillan/ Spira studentspellemannslag/FolkOrg  
Senior: Tom Willy Rustad/ Spira studentspellemannslag/ Grenselaust

##### Gruppespel:

Junior: Dølasneillun  
Senior: Tufskjøkjun

##### Lagspel:

Junior: Hedmark Juniorspellmannslag  
Senior: Gudbrandsdølenes Spelmannslag

##### Instrumentutstilling – Hardingfele:

1. Ottar Kåsa/ Falkeriset Folkemusikklag

##### Instrumentutstilling – Fele:

1. Ola Hvamstad/ FolkOrg

##### Furestiftelsen

Fureprisen: Mari Midtli

##### Furestipend:

Vokal C: Mari Midtli, Spira studentspellemannslag/ Sel og Otta Spel- og dansarlag  
Spel fele C: Mari Midtli, Spira studentspellemannslag/ Sel og Otta spel- og dansarlag  
Durspel jr: Ingrid Standal Sørheim, Kvemmingen Spel- og dansarlag  
Spel hardingfele C: Cecilie Skrindo, Ål spel- og dansarlag

##### FolkOrg-stipend:

Dans fele C: Iver Kolstad & Marie Skogås/ Røros Folkedanslag  
Halling C: Jon Bugge Mariussen/ Nesodden Danselag/FolkOrg

## Vedlegg – Liste over diverse tildelingar, vinnarar o.a.

### Dommarar på Landskappleiken

<b>Spel hardingfele</b> Torunn Raftevold Rue Leif Rygg Øyvind Brabant	<b>Halling</b> Mads Bøhle Siri Mæland Stian Roland
<b>Spel fele</b> Trond-Ole Haug Mari Eggen Arne M. Sølvberg	<b>Grupperespel</b> Arne M. Sølvberg Leif Sølvberg Torunn Raftevold Rue
<b>Vokal</b> Kirsten Bråten Berg Eli Storbekken Berit Opheim	<b>Lagspel</b> Trond-Ole Haug Øyvind Brabant Mari Eggen
<b>Eldre folkemusikkinstrument</b> Elisabeth Kværne Tellef Kvitte Svein Westad	<b>Open Klasse</b> Jo Asgeir Lie Eli Storbekken Tellef Kvitte
<b>Durspel:</b> Ailin Mørkve Håkon Tveito Rikke van Ommeren	<b>Hovuddommar for Fureprisen</b> Aslak Brimi
<b>Lagdans</b> Aud Manheim Gro Marie Svidal Ola Grøslund	<b>Instrumentutstilling – fele</b> Andreas Bjørkås Helge M. Bergnord
<b>Dans fele</b> Mads Bøhle Gro Marie Svidal Ola Grøslund	<b>Instrumentutstilling – hardingfele</b> Bård Riise Hoel Frank Rolland
<b>Dans hardingfele</b> Aud Manheim Siri Mæland Stian Roland	

### Landsfestivalen i gammaldansmusikk

#### Vinnarar

##### Solo andre instrument:

Junior: Jørn Kjetil Solbakken/ Vågå spel- og dansarlag  
Senior: Mads Erik Odde/ Lom spel- og dansarlag

##### Solo durspel:

Junior: Emil Bakke Thon/ Vårflaumen spel- og dansarlag  
Senior: Arve Bjørn Røneid/ Jostedal spel- og dansarlag

**Grupperespel:** Bjørkås` kvintett

**Lagspel:** Sør- Fron spelmannslag

##### Solo fele/hardingfele

Junior: Amalie Aaseng/ Heidal spel- og dansarlag  
Senior: Britt Pernille Frøholm/ Hornindal spelmannslag

**Samspel junior:** Anna og Øyunn/ Oppdal spel- og dansarlag

**Pardans senior:** Solveig Brekke Hauknes og Ole Nilssen/ Hedmark Folkemusikklag

**Lagdans:** Lystringen

**Open klasse:** Blæsterdalen & Ims

### Dommarar på Landsfestivalen i gammaldansmusikk

<b>Durspel solo</b> Erling Bjørn Fossen Geir Marius Thorud Kristin Gravaune	<b>Grupperespel</b> John Oddvar Kandal Kristin Gravaune Olav Haugen
<b>Andre instrument solo</b> Einar Eimhjellen Ingunn Bjørgo Olav Haugen	<b>Open klasse</b> Ingunn Bjørgo Geir Maris Thorud Einar Eimhjellen
<b>Fele/hardingfele solo</b> Ann Helen Brøndbo Foosnæs Erling Bjørn Fossen Kjellbjørn Karsrud	<b>Junior samspel</b> Ingunn Bjørgo Geir Maris Thorud Einar Eimhjellen
<b>Lagspel</b> Ann Helen Brøndbo Foosnæs Erling Bjørn Fossen Kjellbjørn Karsrud	<b>Pardans og lagdans</b> Mari Andrea Ness Torill Jørgensen Tor Stallvik

### Folkelarmprisen 2014

Årets folkemusikar: Hekla Stålstrenga (Årets folkemusikar vert kåra på fritt grunnlag – uavhengig av utgjevingar)

Solist: Spelarhola – Knut Hamre/Aleksander Aga  
Røystrand/Åse Teigland (ta:lik)

Åpen Klasse: Ett steg ut – Susanne Lundeng (Kirkelig Kulturverksted)

Tradisjonelt samspill: Bryllaupsafta – Honndalsmusikken (Lindenes Trekkspillklubb)

Dokumentasjon: Rosekolla – Eli Storbekken og Hans Hinrich Thedens (Norsk Folkemusikksamling)

### Juryen 2014:

Ragnhild Knudsen, Unni Løvlid og Kjell Bitustøyl.

### Folkelarmartistar

- Bansal Band
- Bjäran (SV)
- Anne Hytta – Draumsyn
- Eplemøya songlag
- Erlend Viken Trio
- Global Fever Orchestra
- Lady Moscow
- Majorstuen
- Puhti (FI)
- Revolver
- Sandum Trio
- Sarah-Jane Summers & Juhani Silvola
- Unni Boksasp Ensemble

## Vedlegg – Liste over diverse tildelingar, vinnarar o.a.

- Laura Ellestad
- Sissel Morken Gullord
- Fromseier Hockings (DK)
- Villniss
- Snakka San & Sver (SV/NO)

Artistar på soloscena:

- Erlend Viken
- Unni Bokstap
- Laura Ellestad
- Sissel Morken Gullord
- Øyvind Sandum

Artistar presentert av Samspill International Music Network:

- Zwai Mbula
- Rohini Sahajpal
- Aladin Abbas

### Seminarprogrammet på Folkelarm 2014:

Torsdag

Frilansfrokost - Produktutvikling for artister:  
«Hvordan sette sammen en god pressepakke» med  
Olaf Furniss.

Kl. 10.00 – Vanguard

Strategisk tenkning i kunst og kultur

Kl. 12.00 – Intimscena

Utøverforum – møt kompetansesentrene

Kl. 13.30 – Intimscena

Det svenske markedet ved Malin Kairis MTA

Production AB

Kl. 15.00 – Intimscena

Fredag 26. sept.

Frilansfrokost - Produktutvikling for artister:  
Viktigheten av gode artistfotografier med Jannica  
Honney

Kl. 10.00 – Vanguard

Folkemusikk og kjønnsfordeling

Hvordan står det til med kjønnsbalansen i  
folkemusikken?

Kl. 11.00 – Klubbscena

Nettverksmøte for arrangører

Kl. 13.00 – Intimscena

Musikkforleggerne presenterer:

«First we take Berlin, then we take...»

Forlagsavtale med norske musikkforlag - Hvorfor, og  
hva kan jeg forvente?"

Kl. 13.00 – Klubbscena

Presentasjon av det tyske markedet ved Music

Norway

Kl. 14.00 – Klubbscena

Presentasjon av tyske delegater på Folkelarm

Kl. 15.00 – Klubbscena

Lørdag 27. sept.

Kræsjkurs for arrangører

Kl. 09.00 – Intimscena

Frilansfrokost - Produktutvikling for artister:

Musikkvideoproduksjon med Andre Chocron

Kl. 10.00 – Vanguard

Møt managerne

Hvordan tenker agenter og management om  
folkemusikksjangeren?

Kl. 12.00 – Intimscenen

De gode historiene

Folkemusikkarrangører fra hele landet forteller om  
prosjekt, konsept og samarbeid som har vært  
vellykket.

Kl. 12.00 – Klubbscena

Rikskonsertene om skoleturneordningen

Hvordan lage gode produksjoner som treffer barn og  
unge, hvordan komme seg ut på skoleturne og er det  
nok folkemusikk på veien i skolekonsertsystemet?

Kl. 13.00 – Intimscena

Teknologi og forenkling

Hvordan gjøre arrangørhverdagen enklere?

Kl. 14.00 – Klubbscena

Folkemusikk i NRK

Hvordan kan vi få folkemusikken bedre fram?

Kl. 15.00 – Klubbscena

Er det god økonomi i at norsk folkemusikk definerer  
seg som verdensmusikk?

I samarbeid med Samspill Int. Music Network og  
Oslo World Music Festival

Kl. 16.00 – Klubbscena

### Frifond organisasjon 2014

Lag	Innvilga stønad
Jostedal spel- og dansarlag	14000
Folkemusikklaget Bordun	8000
Tingelstadringsen	10000
Spelemannslaget Dâm og Drag	12000
Folkemusikklaget Havbrusen	5000
Naustedalen spelemannslag	9000
Nes Nasjonale Dansarring	5000
Ål spel- og dansarlag	15000
Trysil-Knut Dans og spelemannslag	15000
Futt og Fart. Spellmannslaget UL.Ivar Aasen	9000
Gol Spel og Dansarlag	12000
Os Spelemannslag	0
Kongsberg Spel- og Dansarlag	24000
Småjondølenes dansarlag	12000
Vågå spel og dansarlag	21000
Bergen ungdomslag Ervingen	18000
Vindfylla Spelemannslag	9000
Gransherad Spel- og dansarlag	12000
Verdal juniorspellmannslag	16000
Bø juniorspelemannslag	3000
Geilo Spelemannslag	8000

## Vedlegg – Liste over diverse tildelingar, vinnarar o.a.

Målselv Spelmannslag	5000
Spelemannslaget Fjelljom	18000
Nordhordland spel- og dansarlag	6000
Falkeriset Folkemusikklag	5000
Haugesund spelemannslag	12000
Gaular Spelemannslag	8000
*)Juniorspellemannslaget og juniorkvederne i Laget for folkemusikk og folkedans.	14000
Hedmark Juniordanslag	5000
Hedmark Juniorspellmannslag	15000
Syng Folkesang Hedmark	0
Austrheim musikklag	4000
Lakselv juniorspellemannslag	0
Spelemannslaget Havella	18000

**Totalt 347000**

### FolkOrg-prisar

Årets lokallag: Klæbu torader- og danserlag  
Årets folkemusikkarrangør: Kalottspel

### Norsk Folkemusikkfond

*Styret i Norsk Folkemusikkfond er:* Nils-Øyvind Bergset (leiar), Hilde Reitan, Leiv Solberg, Nina Rudi og Solbjørg Tveiten. Marit Vestrum frå FolkOrg-adminstrasjonen var sekretær.

Søkjar	Prosjekt	Innvilga stønad
<b>Kalottspel</b>	Sommarkurs for born og unge.	5.000
<b>Strunkeveko</b> (Valdres folkemusikkarrangement AS)	Sommarkurs for born og unge, 2 kurs i langeleik.	5.000
<b>Ungfolk</b> (Telemark folkemusikklag)	Sommarkurs for born og unge.	5.000
<b>Mokurset</b> (Sogn- og Fjordane folkemusikklag)	Sommarkurs for born og unge.	5.000
<b>Ottar Kåsa</b>	Bygge kopi av hardingfela "Karlsprudnad" etter Karl Rue	14.000
<b>Mathilde Øverland og Inga Myhr</b>	Folkedansunde rvisning for danselinjer ved vidaregåande skole.	14.000
<b>Gjøvik spelmannslag</b>	Nordisk harpetreff	20.000

**Totalt kr 68.000**

## FolkOrg si rekrutteringsordning

### Første fordelingsrunde

	Innvilga stønad
Ung-Folk (Telemark Folkemusikklag)	5000
Strunkeveka (Valdres Folkemusikklag)	5000
Mo-kurset (Sogn- og Fjordane Folkemusikklag)	5000
Lillehammer Spel- og dansarlag	5000
Målselv Spelmannslag	5000

### Andre fordelingsrunde

Vindfylla spelemannslag	5000
Bærum spellemannslag	5000
Lakselv Juniorspellemannslag	5000
Spelemannslaget i BUL Ervingen	5000
Oppdal Spell- og dansarlag	5000
<b>Totalt</b>	<b>50.000</b>

### Folkemusikk

Faste skribentar i 2014 har mellom andre vore Ida Habbestad, Ingelin Westeren, Alice Gudheim, Sindre Bremnes, Anon Egeland, Bjørn Hammershaug, Rasmus Stauri og Ingrid Schei Stuhaug. Faste fotografar har vore Laila Meyrick, Ingvil Skeie Ljones og Knut Utler. Faste illustratørar i 2014 har vore Øystein Runde og Gunnlaug Moen.

### Kronikørar og spaltistar i 2014 har vore:

1/14: Sigurd Johan Heide og Knut Kjøk  
2/14: Tor Erik Jenstad  
3/14: Anna Kleiva  
4/14: Bjørn Aksdal og Arne T. Aabø

### Fagkronikkane er skrivne av:

1/14: Bjørn Aksdal  
2/14: -  
3/14: Karin Askberger  
4/14: Olav Norheim

### Portrett:

1/14: Leif Rygg  
2/14: Kirsten Bråten Berg  
3/14: Torgeir Straand  
4/14: Susanne Lundeng

### Reportasjar om:

1/14: folkemusikkarkiva, folkemusikkklina på Vinstra  
2/14: folkemusikk på Sentralaustlandet, vinterfestivalen på Rauland  
3/14: folkemusikkfestivalane , Klæbu torader- og danselag  
4/14: spelemannsfamiliar, kappleiksnervar

Tore Bruvoll har hatt fast signert spalte under vignetten *Bruvollspelet*.  
Runhild Heggem har hatt fast signert spalte under vignettane *Eit raulandsliv* og *På Vossevangen*.

I tillegg har vi hatt aktuelle nyhende, faste spalter som *Spelemannsminne*, *Ordet*, *Det store biletet* og *Den plata*, plateintervju med aktuelle artistar og meldingar av nye plater, bøker og sceniske framsyningar.

*“Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfold, eigenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og vere ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon”*

FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans

